

# STATUSRAPPORT



16.09.16

## NRK Nynorsk mediesenter

**Leiinga og språkstyret i NRK har bestemt at NRK skal få seg handlingsplan for nynorsk. Eit framlegg skal vere klart til nyttår. Føremålet er å heve nynorskprosenten og få han stabil på minst 25 prosent.**

**Per dags dato har vi sendt frå oss 120 nynorskpraktikantar og 62 prosent av dei arbeider i media. 50 prosent i NRK. Totalt har 46 tidlegare nynorskpraktikantar fast arbeid i media, 40 av dei i NRK. Til denne tid i år har tre fått fast arbeid i NRK.**

**Det 26. kullet med nynorskpraktikantar er lyst ut med søknadsfrist 16. oktober. Vi tilset i november og dei fem praktikantane byrjar på opplæringa i Førde 4. januar 2017.**

# Handlingsplan for nynorsk i NRK

**Redaktørmøtet og språkstyret i NRK har sett i gong arbeidet med å få laga ein handlingsplan for nynorsk i NRK, og framlegget til plan skal vere ferdig til nyttår. Føremålet er å heve nynorskprosenten og få han stabil på minst 25 prosent.**

Nyleg fekk alle redaksjonelle medarbeidarar og leiarar i NRK ei spørjeundersøking om nynorskbruken i redaksjonane. Korleis arbeider dei med å levere saker på nynorsk, og korleis ser dei på at minst 25 prosent av innhaldet NRK offentleggjer skal vere på nynorsk? Det vert bedt om ærlege svar.

- Storting og regjering har gjeve NRK eit tydeleg ansvar for norsk språk, særleg for nynorsk. I NRK-plakaten står det at minst 25 % av innhaldet vårt skal vere på nynorsk. Vi ser at mange redaksjonar ikkje synest det er så lett å levere innhald på nynorsk. Difor er det er sær viktig å finne ut kor skoen trykkjer, seier språksjef Ragnhild Bjørge i NRK.

Prosjektgruppa har ikkje tenkt å lage ein plan for skrivebordskuffa. Difor er det viktig at svara vert ærlege og konkrete. Kva er vanskeleg eller lett for deg? Kva meiner du må gjerast for at NRK skal levere god nynorsk? Kva skal til for at redaksjonen din eller avdelinga di skal publisere meir på nynorsk?

## Prosjekt- og styringsgruppe



I prosjektgruppa sit språksjef *Ragnhild Bjørge*, leiar, redaksjonssjef *Christian Fougner* i NRK.no, distriktsredaktør *Vigdís Holmaas* i NRK Hordaland, programleiar *Ole Rolfsrud* i NRK Sport og historikar *Oddmund L. Hoel* ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Gruppa byrja på arbeidet i september og skal levere eit framlegg til tiltak for å sikre rekruttering, kompetanse og produksjon på nynorsk i framtida. Framlegget til handlingsplan skal vere klart til nyttår.

Det er også ei styringsgruppe for tiltaket. Leiar der er **Inger Johanne Solli**, (bilete) distriktsredaktør i NRK Hedmark og Oppland og leiar for språkstyret. Ho har med seg *Ragnar Christensen*, distriktsredaktør i NRK Rogaland, *Svein Ove Hansli*, redaksjonssjef i

avdelinga for økonomi og politikk i NRK Nyhende, og *Steinar Nielsen*, programredaktør i Medieredaksjonen. Dei skriv store delar av årsrapporten om NRK.

## Stoda i 2015

I 2015 nådde NRK måla om minst 25 prosent nynorsk i radio og fjernsyn, medan nynorskprosenten på nett var 18 prosent. - Fleire redaksjonar og kanalar leverer godt, men ulike redaksjonar og kanalar har utfordringar med å kome opp på det nivået dei skal vere på, både når det gjeld omfang og kvalitet, seier språksjef Ragnhild Bjørge.



## Kull 24 er i arbeid




FRÅ VENSTRE: ALEKSANDER ÅSNES, SOLVEIG SVARSTAD, MAY-HELEN ROLFSNES, MARTHA VÅGE OG MARTIN TORSTVEIT

Dei byrja som nynorskpraktikantar 4. januar i år, og 30. juni var dei ferdige. Alle arbeider i NRK.

Aleksander Åsnes og Solveig Svarstad er vikarar i NRK Sogn og Fjordane. May-Helen Rolfsnes er vikar i NRK Hordaland, frå 1. oktober er ho vikar ved NRK Rogaland sitt lokalkontor i Haugesund. Martha Våge er tilkallingsvikar i programmet Spillerom i NRK P2, og Martin Torstveit er vikar i NRK Telemark.

## Kull 25 i god driv



KRISTA LIEN INDREHUS, JOSEF BENONI NESS TVEIT, MARTE IREN NORENG TRØEN, ANDERS TESDAL GALTUNG OG KATHINE KANTA NYGÅRD

Dei starta på opplæringa i Førde 22. august, og etter knapt tre veker har alle vore på lufta med fyrste saka si. Kull 25 skal vere her til jul, og i januar og februar 2017 skal dei ha ekstern praksis i andre redaksjonar, i eller utanfor NRK.

**Krista Lien Indrehus**, fødd 1989, frå Bømlo i Hordaland:

- Så langt har det vore både kjekt, lærerikt og utfordrande. Vi har på veldig kort tid fått lære om å lage radio- og nettreportasjar, og om å bruke mobilen til å drive journalistikk. No skal vi rett vidare til neste emne: å lage TV-reportasjar. Som nynorskpraktikant jobbar og lærer du i høgt tempo, det er veldig sosialt og du får mange tilbakemeldingar. Eg øver meg dagleg på å ta god sats før eg slenger meg ut av komfortsona.

**Josef Benoni Ness Tveit**, fødd 1997, frå Holmedal, Askvoll i Sogn og Fjordane.

- På Nynorsk mediesenter er det hektisk. Det kan ingen seie noko på. Eg trur faktisk ikkje eg har forlate kontoret til rett tid éin einaste dag. Dette er ikkje berre på grunn av travle dagar med overtidsarbeid fordi desken treng ei sak til morgonsendinga, men også fordi eg elsker det me gjer. Eg har lært utruleg mykje, men har uendeleg mykje att. Eg kan verkeleg ikkje førestille meg ein betre start på journalistkarrieren enn dette.

**Marte Iren Noreng Trøen**, fødd 1990, frå Slidre i Valdres, Oppland.

- Å vere praktikant er litt som å køyre berg- og dalbane. Her går det i ein rasande fart, og det gjeld å henge med i svingane. Du opplever oppturar, nedturar og skrekkblanda fryd. Og når ein tur er over er du skjelven og full av inntrykk, men så vil du berre hoppe på ein tur til. Det er dagar der eg tenkjer at det ikkje er mogleg å stappe meir informasjon inn i hovudet mitt. Men det er alltid plass til meir, og det er så utruleg gøy!

**Anders Tesdal Galtung**, fødd 1994, frå Etne i Sunnhordland.

- Til no har me arbeidd mest med radio og nett, men me har også hatt eit intensivt to dagars-kurs i mobil-journalistikk. Dei siste vekene har vore hektiske og lærerike. Eg har blant anna erfart kor viktig det er å ha eit klart fokus før ein skal intervju nokon. Radio- og nettsaker har tids- og ordgrenser, og ei utfordring eg har hatt, er at eg har kome tilbake frå intervju med altfor mykje råstoff, noko som gir unødig mykje etterarbeid.

**Kathrine Kanta Nygård**, fødd 1993 i India, oppvaksen på Longva på Sunnmøre:

- Å få lov til å vere journalist i NRK Nynorsk Mediesenter er ei blanding av ei stor ære og eit hardt maraton. Det blir stilt høge krav til oss og det er slik me blir gode. Her får eg bruke journalist-bakgrunnen min samtidig som eg får lære så mykje om det eg alltid har drøymt om - nemleg radio og TV.

## Kull 26 lyst ut



### Vil du bli journalist? NRK Nynorsk mediesenter søker praktikantar

Søknadsfrist: 16. oktober.

Kull 26 er lyst ut med søknadsfrist 16. oktober, slik at folk får heile helga på seg til å skrive søknader. Den faste søknadsfristen er 15. oktober, som i år fell på ein laurdag. – Det slær nemleg aldri feil at tyngda av søknadane kjem siste dagane, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

## Ny faglærer – intern utlysning

Ein fast jobb som faglærer er ledig etter at Terje Gilleshammer i sommar vart tilsett som dk-redaktør i NRK Sogn og Fjordane. Før den jobben vart ledig hadde Terje Gilleshammer fått permisjon som faglærer og Rune Fossum var tilsett i vikariatet hans fram til 1. april 2017.

Rune Fossum har vore fast tilsett journalist i NRK Sogn og Fjordane sidan 2009, og byrja som faglærer 1. august. Faglærarjobben er lyst ut internt i NRK med søknadsfrist 2. oktober.

## Fast jobb til Adalheidur Oldeide



I juni fekk Adalheidur Oldeide (1988) fast arbeid i NRK Sogn og Fjordane. Ho gjekk på kull 18 med nynorskpraktikantar, våren 2013. Hadde ekstern praksis i NRK Dagsnytt og arbeide både i NRK Sogn og Fjordane og NRK Hordaland etterpå, før ho vart vikar i Bergens Tidende.

I april 2016 byrja Oldeide i eit vikariat i NRK Sogn og Fjordane. Før ho vart nynorskpraktikant arbeide ho for Leger utan grenser, tok ei årseining i medievitskap ved Universitetet i Bergen og arbeide i studentradioen.

Medrekna Adalheidur Oldeide har 46 tidlegare nynorskpraktikantar fått fast arbeid i media og 40 av dei er i NRK. Til denne tid i år har tre fått fast arbeid i NRK, og ein med fast jobb har slutta.

## Endeleg praksis for Kjersti i Norgesglasset

Kjersti Anderdal Bakken er endeleg byrja på den eksterne praksisen sin i Norgesglasset, i NRK P1 på Tyholt. På grunn av eit vondt kne, som måtte opererast, fekk ho ikkje gjennomført praksisen i januar/februar, samstundes som resten av kull 23.

- Det var veldig kjedeleg å få praksisen utsett, men heldigvis har Norgesglasset vore fleksible. No er det kjekt endeleg å kome i gang og eg stortrivst her på Tyholt, seier Kjersti Anderdal Bakken.

Kneet vart operert i vår og Kjersti Anderdal Bakken har hatt sommarjobb som





programleiar i Natradioen i NRK P1. - Eg er så glad for at Henning Olstad på Tyholt torde å satse på meg, sjølv om eg ikkje hadde fullført praksis. Eg har lært veldig mykje av programleiarjobben i Natradioen, og når eg no er reporter får eg ei brei erfaring, seier Bakken.

For å få vitnemål på at ho har gjennomført halvåret som nynorskpraktikant må ho fullføre praksistida, som var avtalt med Norgesglasset. – Der har dei tilpassa seg situasjonen, og vi er glade for at Kjersti no er frisk nok til å få synt kva ho er god for, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

Kjersti Anderdal Bakken (1990) kjem frå Gol i Hallingdal. Ho har master i musikkvitenskap frå NTNU, med fordjuping i mediefag, og skreiv masteroppgåve om musikkstrategien i NRK radio. Bakken hadde også arbeidd i lokalavisa Hallingdølen og i studentradioen Radio Revolt før ho vart nynorskpraktikant hausten 2015.

## Sigrid med og vann pris i Prix Radio



Frå venstre vaktsjef Caroline Rugeldal og programleiarane Jørn Resvoll og Sigrid Agnethe Hansen. FOTO: NRK

NRK Troms vann pris for *Årets lokale sendeflate* under Prix Radio 16. september. Dei vann med morgonsendinga 21. desember i fjor, to dagar etter snøskredet i Longyearbyen, som kosta to menneske livet. Programleiar Jørn Resvoll sa i takketalen at det var rart å føle glede over å ha vunne, samstundes som tankane gjekk til dei som vart råka av tragedien som vart formidla gjennom sendinga.

Tidlegare nynorskpraktikant Sigrid Agnethe Hansen var reporter på Svalbard denne morgonen, og tok mot prisen saman med programleiar Jørn Resvoll og vaktsjef Caroline Rugeldal.

- Eg er glad, audmjuk og stolt over å ha vore med og laga radiosendinga etter skredet på Svalbard. At denne sendinga vann pris, viser kor viktig det er at vi er på plass når det skjer - spesielt ute i distrikta, seier Sigrid Agnethe Hansen.

Til Prix Radio sender både nær- og lokalradioar, kommersielle kanalar og NRK inn nominasjonar, og ein hovudjury vel ut dei som skal vere med i finalen på Radiodagar. Morten Scott Janssen var leiar for hovudjuryen i år. Han melde om rekordhøg påmelding, og eit "eksepsjonelt høyt nivå" på innslaga som var sende inn.

## Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 16.09.16 har vi sendt frå oss 120 nynorskpraktikantar og 62 prosent av dei arbeider i media. 50 prosent av dei arbeider i NRK. Totalt har 46 fast arbeid i media, 40 av dei arbeider i NRK.

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale media. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Sporten, P2-programma Ekko og Spillerom, Kveldsåpent i NRK P1 og ved distriktskontora i Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Oppland og i Østlandssendinga.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som nyhendeanker i TV 2, som gjestebookar i Senkveld i TV 2, i avisene Møre-Nytt, Telemarksavisa, Drammens Tidende, på nettet i Dagens Næringsliv, i produksjonsselskapet Monster og som SoMe-ansvarleg i Vest-Telemark Blad.

Andre arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i: Språkrådet, Barne- og likestillingsdepartementet, Røde Kors, Skatt Vest, Norges Bondelag, Bisqit Norge, Norske Kunstforeninger, Senterpartiet si stortingsgruppe, Von kommunikasjon, tekstbyrået HvabeHager, Statistisk Sentralbyrå, Kirkens Nødhjelp og Samlaget.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no). Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

### Kull 24: 4. januar – 30. juni 2016



**Martin Torstveit** (1992) er vikar i NRK Telemark. **Martha Våge** (1989) er tilkallingsvikar i programmet Spillerom NRK P2, **May-Helen Rolfsnes** (1993) er vikar i NRK Hordaland, og frå 1. oktober vikar ved NRK Rogaland sitt lokalkontoret i Haugesund. **Solveig Svarstad** (1989) og **Aleksander Åsnes** (1990) er begge vikarar i NRK Sogn og Fjordane.

## Kull 23: 24. august 2015 – 29. februar 2016



Kjersti Anderdal **Bakken** (1990) har ekstern praksis i Norgesglasset i NRK P1 til 1. november. På grunn av eit dårleg kne fekk ho ikkje teke praksisen i januar/februar. Thomas **Brakstad** (1989) er tilkallingsvikar i NRK Sporten. Line Omland **Eilevstjønn** (1993) er prosjektleiar for SoMe-satsinga til Vest-Telemark Blad, Elise Sundfør **Erdal** (1986) er lærar og tilkallingsvikar i NRK Kultur- og underholdning, og Even **Lusæter** (1979) er vikar i NRK Hedmark og Oppland.

## Kull 22: 4. januar – 30. juni 2015



Bård Holmen **Solvik** (1985) er vikar i informasjonsavdelinga til Statistisk Sentralbyrå (SSB). Olav Åsen **Haugsgjerd** (1988) studerer historie ved Universitetet i Bergen. Gunhild **Årdal** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og studerer praktisk pedagogikk ved Universitetet i Oslo. Steinar **Daltveit** (1989) er frilansar og standupkomikar i USA og Signe Fuglesteg **Luksengard** (1990) skriv bok og er tilkallingsvikar i NRK Supernytt



## Kull 21: 25. august 2014 – 28. februar 2015



Elias **Engevik** (1995) studerer TV-teknikk ved Høgskulen på Lillehammer og er tilkallingsvikar i NRK Hedmark og Oppland. Tor-Erik **Humlen** (1988) er vikar som gjestebookar i programmet Senkveld i TV 2. **Ine Eftestøl** (1984) er vikar i NRK Supernytt med base i Rogaland, Hibba **Sarmadaw** (1987) er tilkallingsvikar i NTB og Sigrid Agnethe **Hansen** (1989) er fast tilsett journalist/programleiar i NRK Troms.

## Kull 20: 3. januar – 30. juni 2014



Oddbjørn Myklebust **Opsal** (1988) er kokk. Liv Ragnhild Holdhus **Sjursen** (1984), er tekstforfattar i tekstbyrået HvabeHager. Guro **Kvalnes** (1991) er informasjonskonsulent i Samlaget, Silje Steinnes **Bjerknes** (1988) er vikar i NRK Møre og Romsdal, og Halvor Farsund **Storvik** (1981) er journalist på nettstaden Porten.no, med base i Sogndal.

## NRKs rekrutteringsprogram

Heilt sidan 2008 har NRK hatt reglar om prioritet til stillingar for dei som går dei strategiske rekrutteringsprogramma, NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe. Grunnen til at NRK driv desse tiltaka er trongen for fleire nynorskbrukarar og fleirkulturelle medarbeidarar.

Gjeldande formuleringar vart vedtekne i direktørmøte 1. oktober 2013, i retningslinene for bemanningskontroll. Her er grunnregelen med kommentarar og utdjupingar:

**NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søkere i tre år etter gjennomført program, og de skal gis prioritet til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for.**

**Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige.**

### Kommentarer og utdyping

Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelser i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søkere.

### Formulering ved *interne* utlysingar

Sommaren 2015 vart det bestemt at når NRK lyser ut stillingar internt så skal det stå i utlysingsteksten at berre fast tilsette og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter kan søke på desse stillingane. Formuleringa lyder slik:

**På grunn av dagens bemanningssituasjon i NRK er det berre fast tilsette medarbeidarar og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter som kan søkje på denne stillinga.**

## FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

**NRK Nynorsk mediesenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

**NRK FleRe** – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

**Nynorsk avissenter** – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Kom inn på statsbudsjettet for 2015 med ei løyving på 2,2 mill. kroner. For 2016 vart summen kr. 2.242.000. Firda Media og eigaren Amedia går inn med 560.000 kroner i året. Nynorsk avissenter er samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider mellom anna om gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Frå hausten 2015 har vi invitert journalistar frå lokalaviser i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal til å delta på aktuelle gjesteførelingar. Våren 2016 har tretten journalistar delteke. Frå hausten 2016 inviterer vi også journalistar frå distriktskontora på Vestlandet med.